



Eduard Ørjan Eikeland
Hammaren 8
5919

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/66 - 19/722

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:
11.01.2019

Adressetildeling og adresse-ending Hammaren 8A, 8B.

Administrativt vedtak. Saknr: 12/2019

Saksutgreiing:

På eigedommen 27/123 er det eksisterande einebustad med sokkelleilighet med ferdigattest frå 22.12.2001. Spørsmål om unik adresse til begge bueiningane kjem opp då eigedommen no vert seksjonert i 2 bustadseksjonar.

Alle bueiningar med eigen ytre inngang skal ha tildelt eiga offisiell gateadresse. Bygget var godkjent med 2 bueiningar med eigne ytre inngangar, men det vart ikkje tildelt eigne adresser til begge bueiningane slik reglane seier i dag.

Her er det ikkje ledige husnummer og det vert difor tildelt adresse med bokstav i tillegg til husnummer. Der det skal nyttast bokstav, skal alle adressene ha bokstav. Eksisterande adresse Hammaren 8 vert difor omadressert til Hammaren 8A. Hovedbustad får adressa Hammaren 8A og sokkelleiligheita får adressa 8B.

Då adresseringa må utførast før seksjonering vert normal førehandsvarsling av omadressering sett til side. Adresseendingane er utført i matrikkelen for å hindra senking av seksjoneringa. Eigar av eigedommen må straks gje melding til eventuell leigetakar om ny adresse.

Sjå også kart.



Skrivemåten for stadnamn er regulert i *Lov om stadnamn*, og tildelt adressenamn er godkjend av Namnekonsulentane for Vestlandet, og vedteke i Meland kommunestyre.

Vedtak på adressenamn kan ikkje påklagast, men det kan klagast på husnummertildeling og kva adresseparsell bygning/eining høyrer til.

Meland kommunestyre har vedteke at adresseparsellen skal ha adressenamnet ***Hammaren***.

Vurdering:

Skilting.

Etter felles forskrift til § 21 i matrikkellova (adresseforskrift FOR-2011-11-03-1077) for regionen Nordhordland og Gulen, ligg det til Dykk å gjere eigedomen si adresse synleg ved tilfredsstillande adressenummerskilt.

Skilt og plassering skal tilfredsstillast lovkrava. I visse tilfelle kan det vere aktuelt at huseigar i tillegg til standard husnummerskilt på huset eller ved innkøyringa, også set opp supplerande tilvisingskilt. Plikta grunneigar har til å supplera med tilvisingsskilt trer fram der grunneigar eig heilt fram til vegkrysset og eigar kan setja skiltet på eigen grunn.

Det skal nyttast standard husnummerskilt som skal vera av typen med sjølvreflekterande botn med svarte tal. Dei aktuelle skilta kan kjøpast eller tingast i vanlege jernvarebutikkar eller direkte frå eit skiltprodusentfirma.

Av omsyn til redningsinstansane og ukjende som skal finne fram, skal korrekt husnummerskilting verte utført så snart som råd. Ved nybygg skal skilting verte utført før bygget vert teke i bruk.

Posten.

Den tildelte adressa vert også postadresse dersom ikkje postboks eller anna er avtala med Posten. Posten er informert om adresseendringa og treng ikkje eigen melding, men Posten ønskjer at andre kontaktar vert informert om den nye adressa på eigna blankettar som ein får på postkontoret. Spørsmål til Posten kan rettast på kundeservicetelefon 22030000 eller internett www.posten.no

Informasjon.

I vedlagte brosjyre *Orientering om adresser i regionen Nordhordland og Gulen*, finn du informasjon om bakgrunn for adressetildeling og korleis adresse har vorte tildelt. Informasjon finn du også på www.meland.kommune.no og søk på adressetildeling.

Kva gjer ein om ein ikkje er nøgd med adressa.

Kommunen har mynde til å endre ei adresse og ein adresseparsell ut frå overordna omsyn til forvaltning av adresseverket. Ei adresse skal vere i samsvar med gjeldande infrastruktur og er difor gjenstand for endring.

Etter reglane kan ein klage på sjølve nummertildeling eller kva for veg huset skal ha si adressetilknytning til. Det er berre eigar som kan klage og klagefristen er tre veker etter varsel om endring.

Ev. klage skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast Meland kommune.

Kommunen kan yte hjelp og anna rettleiing for den som ønskjer det.

Vedtak

«Meland kommune har i samsvar med gjevne retningslinjer gjort følgjande adressetildeling og adresseendring:

Gnr	Bnr	Bueining	Vegnavn	Tidlegare husnr	Nytt Tildelt husnummer
27	123	H0101 (Hovud)	Hammaren	8	8A
27	123	U0101 (Sokkel)	Hammaren	8	8B

Vedtaket er gjort i medhald av Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova – i kraft 01. jan. 2010) § 21 og tilhøyrande forskrift kap. 12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen.

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneloven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen ,jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er

nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå
fagansvarleg gis/geodata

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Orienteringsbrosjyre om adresser

